



Anne Espelien

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1335 - 15/19709

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2015

Fjell med flere Byreg MASTER april 2015

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Anne Espelien

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/15	Formannskapet	PS	30.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Frøydis Ones	15/1335

Utviklingsprogram for byregionar

Vedlegg:

Fjell med flere Byreg MASTER april 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet sluttar seg til søknaden der Lindås kommune, saman med Meland, Fjell og Os søker om deltaking i «Utviklingsprogrammet for byregionar». Prosjektperioden er 3 år (2015-2017).

Formannskapet - 022/15

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Formannskapet sluttar seg til søknaden der Lindås kommune, saman med Meland, Fjell og Os søker om deltaking i «Utviklingsprogrammet for byregionar». Prosjektperioden er 3 år (2015-2017).

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Lindås kommune deltok i fase 1 av utviklingsprogrammet for byregionar saman med kommunane Bergen, Fjell, og Askøy, jf. FO-sak 41/14 (møte den 3. april 2014), og delegert sak 3/14, referert i FO sak 67/14 (møte den 4. september 2014). På landsbasis deltok 33 byregionar med 187 kommunar i fase 1. Kunnskaps- og moderniseringsdepartementet (KMD) har utlyst nye midlar til Utviklingsprogram for byregionar, fase 2. Søknadsfrist er 1. mai.

Programmet er nasjonalt og vert administrert av Distriktsenteret på oppdrag frå KMD. Gjennom programmet ønskjer KMD å legge til rette for positiv utvikling i byregionar. Heilt konkret skal byregionprogrammet auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og om regionen sitt potensiale for næringsutvikling. Regjeringa ønskjer å føre ein aktiv politikk der byane og omlandet har eit samspel til beste for regionen og for omlandet som eit heile. Vidare understrekar dei viktigheita av at kommunane prioriterer samfunnsområde som faktisk let seg påverke gjennom politiske avgjerd. Det er eit mål at auka kunnskap skal bidra til strategier og tiltak som styrkjer regionen.

I fase 1 av prosjektet fekk regionane støtte til å gjennomføre ei samfunnsøkonomisk analyse. Menon Business Economics gjennomførte denne analysa i Bergensregionen. Rapporten har tatt utgangspunkt i dei fire opprinnelege deltakarkommunane Lindås, Askøy, Fjell og Bergen. For å sjå heilskapen har Menon oppdatert statistikken for å inkludere Os og Meland. Rapporten ligg vedlagt.

Byregionprogrammet, fase 2

I fase 2 av prosjektet kan byregionane søkje om midlar til gjennomføring av nødvendige prosessar og utarbeiding av strategiar og tiltak innanfor tema/samfunnsområde der det blei avdekka manglar i fase 1. Fjell kommune har tatt på seg eit koordineringsansvar og ansvaret for å sende inn søknad på vegne av samarbeidskommunane. Søknadsfrist for å delta i programmet er 1. mai.

Kommunane Bergen og Askøy deltek ikkje i fase 2, medan Meland og Os ønskjer å gå inn i programmet.

Økonomi

Det er sett av 91,5 millionar, og kvar deltakarregion kan søkje om inntil 3 millionar over tre år. Dette skal dekke 50 prosent av stipulerte prosjektkostnader. Resterande 50 prosent skal dekkjast inn gjennom eigeninnsats frå kommunane. Det skal utarbeidast ein enkel undervegsrapport kvart år.

Mål og tema:

25 mars 2015 hadde deltakarar frå kommunane eit innleiande møte for å konkretisere og gi innspel til søknaden. Det vart lagt vekt på at temaområda skal vere fleksible slik at kursen kan justerast undervegs ved behov. Følgjande mål og tema for søknaden er skissert:

Mål:

Regional utvikling og stadutvikling.

Det skal leggjast til rette for dette gjennom robuste, berekraftige sentre i ein felles bu - og arbeidsregion.

Gjennom å utvikle berekraftige og attraktive senter skal fleire bu, ha arbeidet sitt og bruka

fritida si lokalt. Korleis og kva som fungerer, skal byregion- programmet bidra til å utvikle og spre kunnskap om.

Bakgrunnen for valg av mål er avhengigheten som kommunane rundt Bergen er av Bergen. Høg arbeidsutveksling mellom omlandskommunene og Bergen gir eit sterkt press på veinettet. Gjennom å satse på sentrene skal dei ta litt av for innpendlingen til Bergen. Ved å utvikla lokale bærekraftige attraktive sentra vil fleire, over tid, ha arbeidsplassen sin der. Dei vil og bruka senteret for fornøyelser, ute- og kafeliv, og handling.

Tema:

Felles gang- og sykkelstrategi:

For å redusere presset på vegane må bilbruken ned og fleire må over på sykkel og gange. Korleis kan vi klare å realisere planar/strategiar og skape engasjement rundt bruk av sykkel og det å gå i kommunane? Kva kan dette bety for folkehelsa?

Bustader og bumiljø for framtida:

Det blir fortetta og bygd i høyda, men er dette svaret på korleis innbyggjarane vil bu i framtida? Bør vi tenke annleis? Kan vi etablere «10 minutters-byen»? Kva med gode møteplassar og identitet? Sosial bærekraft?

Arbeidsplassar og næringsliv:

Samfunnsanalyse viser at nokre kommuner er svært sårbare ved at de har mange av arbeidsplassane i ei bedrift. Andre er svært rettet mot ei næring, mens utfordringa til ein tredje er at næringslivet er retta mot eit lokalt marked. I alle kommunane pendlar arbeidstakarar med høy utdanning til Bergen på jobb. Er dette berekraftig? Korleis skal vi tenkje rundt tilrettelegging for framtida sine arbeidsplassar?

Samarbeid med andre aktørar

Hordaland fylkeskommune har vedteke plan for senterutvikling, og arbeider med ATP for Bergensregionen og regional næringsplan. Dei vil difor vere bidragsytarar inn i programmet. Det same vil Fylkesmannen, Business Region Bergen og Bergen Næringsråd vere.

Deltaking frå Lindås kommune

Lindås kommune vert representert med 2 personer i prosjektgruppa. Andre blir trekt inn etter behov. Frå departementet er det understreka at politisk involvering er vesentleg for å lukkast med prosjektet.

Vurdering

Lindås har mange av dei same rammer og utfordringar som kommunane Os, Meland og Fjell. Ved å etablere eit meir formelt samarbeidsforum, kan vi lettare lære av kvarandre, samarbeide om å finne gode framtidsretta løysingar, og i større grad tenkje regional utvikling i staden for utvikling berre i eigen kommune.

Næringslivet er lite opptatt av kommunegrenser. Dei ser ofte på infrastruktur og tilfang av god arbeidskraft. Skal bergensregionen vinne i kampen mot andre regionar, krev det at vi

samarbeider med kommunane i vår region i langt sterkare grad enn vi tradisjonelt har gjort.

Gjennom deltaking i Byregionprogrammet voner vi å få auka kunnskap om senter- bustad- og næringsutvikling, og gode og nyttige nettverksrelasjonar til andre kommunar i vår region med same utfordringar.